

# Handlingsplan 2017

Det følgjande dokumentet inneholder HNU sine prioriterte satsingar for 2017 vedteke av styret. Ein del av prosjekta er alt starta opp medan andre er under utgreiing i forhold til finansiering etc.

Bak nokre av prosjekta i dokumentet står det ein prosentsats. Dette er den andelen HNU legg til grunn å bruke i forhold til totalkostnaden. Dei resterande summane må skaffast av næringslivet/andre om prosjekta skal kunne gjennomførast.

## Program A - Kraftfullt næringsliv

*Mål: Vi skal utvikle eksisterande næringsliv, samt utvikle ny næring med fokus på det «grøne skiftet».*

### Strategi A1 - Styrke utviklingsevna i det eksisterande næringslivet

«SMB» prosess – gjennomføre forstudie for å identifisere aktuelle bedrifter. Søkje delfinansiering gjennom Innovasjon Norge.

**Oppstart 1. kvartal 2017 – kr 200.000 / 50%**

Styrekurs – eit løpende tilbod HNU vil arrangere når vi har ca. 10 deltakrar. Tilboden vil marknadsførast direkte og gjennom FB/heimeside. HNU vil i tillegg ha fokus på anna kursverksemder etter signal/behov frå næringslivet.

**Oppstart 1. kvartal 2017 – kr 100.000 / 50%**

Årlege bedriftssamtaler. 1 – 1 samtalar mellom næringssjef og dagleg leiar/styreleiar. Utarbeide ei ramme med standard mal på deler av samtalet, samt tilpassa den enkelte bedrift. Tilboden/planaene kan leggast ut på heimesida der vi inviterer til samtale samtidig som HNU og har ein plan for å gjennomføre eit antall slike samtalar pr kvartal.

**Oppstart 1. kvartal 2017 – kr 100.000 / 100 %**

Investorforum - HNU vil sjekke kva som kan vere aktuelle møteplassar. Formelle eller uformelle opp mot konkrete / aktuelle prosjekt.

**Avventar å tidfeste «oppstart» då dette og kan vere situasjonsbestemt.**

## Infrastrukturtiltak

Utviding av Straumen på Søreide, prosjektering	0,5 mill
Grunnboring (Ortenvik) Søreide, Vadheim	0,5 mill
Oppgradering industripark Vadheim	0,5 mill

*Alle prosjekta må utgreiast meir i forhold til framdrift og kostnad. Samla kalkyle 1,5 mill.*

## Nye næringar som tek del i det grøne skiftet

### *Hydrogen*

Forstudie for Osland/Vadheim er gjennomført i 2016. Vidare oppfølging 2017 kalkulert (saman med fylket/andre).

*kr 200.000 / 50%*

### *Alger*

Forstudie på microalger kan verte oppstarta i 2017, men forutsatt at vi får på plass det «rette miljøet», og at anna finansiering og kjem på plass.

*kr 200.000 / 50%*

### *Skog*

Kartlegge potensialet for meir verdiskaping i vår kommune saman med fagmiljø/grunneigarar.

*kr 100.000 / 50 %*

### *Silisium*

Forstudien er i gang og vil truleg vere klar i løpet av januar 2017.

*HNU bidreg med kr 100.000*

## Strategi A2 - Styrke evna til ny forretningsutvikling

### **Bidra til auka aktivitet på industriparkane / i industribygga våre.**

«Smeltaprosjektet» ved SJW for produksjon av aluminiumslegeringar. Dokumentmaterialet for etablering / oppstart er utarbeidd. Potensialet er ca. 15 – 20 tilsette, direkte.

*Tiltak: Oppgradere og kvalitetssikre prospektet samt bidra med å hente nødvendig kapital.  
Oppstart: 1. kvartal 2017.*

### **Bidra til auka verdiskaping innan sjømat og havbruk**

I 2017 vert temaet å drøfte med aktuelle partar i næringa.

**Bidra til auka verdiskaping innan jordbruk. Tiltak under utgreiing:**

- 1) Tilskot til kjøp av mjølekvotar.**
- 2) Planleggingskostnad i samband med bygging av driftsbygning.**
- 3) Prosjektleiing/byggjeleiing.**
- 4) Rentestøtte til lån til delfinansiering av driftsbygningar, der Innovasjon Norge deltek.**

## **Strategi A3 - Styrke gründer/entreprenørskapsmiljøet i kommunen**

**Bidra til lokale møteplassar / fasilitetar for gründerar/entreprenørar**

Etablere «gründersenter» saman med andre offentlege og private aktørar. SIVA-bygget kan vere eit slikt senter.

*Tiltak: Etablere prosjektgruppe som har fokus på «kraftfull knoppskyting» i kommunen i vidaste forstand.*

**HNU kan bidra med kr 100.000.**

Bedriftsutviklingstilskott (motivasjonstilskott) i samhandling med Innovasjon Norge.

**Kr 500.000**

## **Program B – Bu i Høyanger Kommune**

*Mål: Vi skal vere ein attraktiv bustadkommune.*

## **Strategi B1 - Sikre tilgang på attraktive tomter i heile kommunen**

HNU's rolle er å identifisere aktuelle tomtefelt i god samhandling med plan- og utvikling og aktuelle grunneigarar. Evt. kjøp / regulering vert å gjennomføre gjennom kommunens ordinære planar/budsjet.

HNU's rolle vil vere å bidra til at det vert utarbeidd 2 – 3 prospekt for 2017 med mål om å få testa prosjekta i marknaden.

Vilkår knytt til ei slik satsing frå HNU kan vere at vi bidreg med å delfinansiere prospekta, men at vi skal ha pengane tilbakebetalt dersom prosjektet vert realisert.

**HNU's deltaking vert etter konkret søknad frå aktuelle prosjekt.**

## **Strategi B2 - Betre dei sosiale møteplassane som er attraktive for aldersgruppa 20 – 40.**

Skape tilbod som aukar trivsel for innbyggjarane i Høyanger, spesielt retta mot aldersgruppa 20 - 40 år.

Dette kan vere eit svært omfattande prosjekt. Tiltrår ekstern prosjektleiar, der prosjektgruppe bør vere i nemnde aldersgruppe.

Gruppa bør ha med seg nyleg tilflytte, folk som ynskjer flytte til kommunen, og deltakarar som bur i kommunen. Ei reell satsing her vil kunne bidra sterkt til at vi får fokus på temaet og får opp tiltak.

*Tiltak: Oppstart haust 2017 med midlar frå 2018.*

## **Program C - Opplev Høyanger**

*Mål - Vi skal gi gode opplevingar til innbyggjarar og besøkande i heile kommunen.*

### **Strategi C2 - Bidra til å styrke kompetanse, inntening og samhandling mellom aktørane innan handel og service.**

HNU's rolle kan her vere å bidra til etablering av handelsgruppe / næringsråd med mål om å auke inntektene, betre sørvisen og styrke samarbeidet innad i kommunen.

HNU kan bidra i ein startprosess, men partane må sjølve ville samarbeide mot felles mål.

*Tiltak: Sjekke ut med aktuelle 2. kvartal 2017 - kr 50.000 / 100%*

### **Strategi C3 - Bidra til auka samarbeid/samhandlingstiltak i reiselivsnæringa.**

Etablere ei ressursgruppe innan reiseliv i kommunen i samarbeid med Visit Sognefjord.

Bidra til utarbeiding av reiselivsstrategi for Høyanger kommune saman med næringa og Visit Sognefjord.

*Tiltak: Oppstart 2017 - kr 100.000 / 50%*

## **Strategi C4 - Identifisere og bidra til å utvikle infrastruktur til attraktive hyttefelt.**

Utarbeide oversikt over eksisterande reguleringsplanar for hyttetomter og aktuelle nye attraktive områder. Utvikle prospekt/møglegheitsstudiar knytt til attraktive hyttefelt for å tiltrekke seg utbyggjarar/investorar med mål om å realisere prosjekt.

Som ein del av prosjektet legg ein til grunn at HNU arrangerer studietur til kommunar som har satsa målretta på verdiskaping gjennom hytteutbygging.

*Tiltak: Oppstart 2017 - kr 100.000 / 50%*